

Høyrings sak frå Kirkerådet:

«Endringer i kirkeordningen og enkelte andre regler.»

Frist: 30.november 2020

Handsama etter avtale på mail med frist 24.11.2020.

Høyringsvar frå Gulen kyrkjelege råd/ fellesråd

Innleiing:

Dette er saka:

Ei omfattande kyrkjelov vil bli erstatta av trussamfunnslova frå og med 2021. Kirkemøtet vedtok i 2019 Kirkeordning for Den norske kirke som i stor grad fastset eit kyrkjeleg regelverk som erstatning for bortfallet av kyrkjelova. Kirkerådet føreslår nokre justeringar i den allereie vedtekne kyrkjeordninga og nokre ekstra punkt i underliggjande regelverk. Forslaga skal handsamast på Kirkemøtet 2021.

Sentrale spørsmål:

Sokneråd kan vedta at eit soknerådsmedlem må tre ut av rådet ved brot på bestemmelsane i tausheitsplikta

Kirkerådet kan fråta rådsmedlem vervet ved alvorlege kriminelle tilhøve mv i tilknyting til teneste eller verv

Biskopen sitt vedtak om ombygging og utviding av kyrkjebygg kan påklagast til Kirkerådet

Høyringsvar frå Gulen kyrkjelege fellesråd / Gulen kyrkjelege råd:

Ved gjennomgang av føreslegne endringar finn vi ingen grunn til å kome med andre merknader , og støttar difor framlegget på alle punkt.